Fylkesmannen i Hordaland

Sakshandsamar, innvalstelefon
Astrid Holte, 5557 2319

Vår dato
20.11.2014
Dykkar dato

Vår referanse
2014/10777 471
Dykkar referanse

NGIR
Lindåsvegen 1260
5956 HUNDVIN

Rapport frå inspeksjon ved Kjevikdalen Avfallsdeponi 3. september 2014
Rapportnummer: 2014.016.I.FMHO

Til stades ved inspeksjonen:
Frå verksemda:
Rune Ones, Erlend Kleiveland, Rune Ones, Roger Fjellsbø, Hans Rune Valle og Olav Aase

Frå Fylkesmannen i Hordaland:
Nina Vadøy og Astrid Holte

Resultat frå inspeksjonen

Denne rapporten omhandlar avvik og merknader frå inspeksjonen. Dersom vi ikkje får melding om faktiske feil i rapporten innan to veker etter at rapporten er motteken, er rapporten endeleg.

Fylkesmannen i Hordaland fann 3 avvik og har gitt 1 merknad under inspeksjonen innan følgjande tema:

- Handtering av deponigass
- Overvaking og risikovurdering av sigevassanlegg
- Mottakskontroll

Avvika er nærare omtalt frå side 3 og utover i rapporten.

NGIR må sende ei skriftleg stadfesting innan **1. mars 2015** på at avvika er retta. Oppfølginga etter inspeksjonen er nærare omtalt på side to.

Hallvard Hageberg e.f.
senioringeniør

Astrid Holte
senioringeniør

Rapporten er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.

Kopi til:
Lindås kommune Kvernhusmyrane 20 5914 Isdalstø

1. Informasjon om verksemda

Namn: Nordhordland og Gulen Interkommunale Renovasjonsselskap IKS	**Risikoklasse:** 2
Besøksadresse: Kjevikdalen, 5956 Hundvin	
Postadresse: Lindåsvegen 1260, 5956 Hundvin	
E-post: ngir@ngir.no	**Telefon:** 56 34 33 10
Kommune: Lindås	**Organisasjonsnr.:** 974 702 568
Bransjenr. (NACE-kode): 38.210 – Handsaming og disponering av ikkje-farleg avfall	**Eigar (org.nr.):** 856 167 402
Løyve sist oppdatert: 29. juni 2009	**Siste tilsyn:** 17. august 2010

2. Bakgrunnen for inspeksjonen

Miljødirektoratet og Fylkesmannen kontrollerer i september korleis avfallsdeponi over heile landet handterer sigevatn og deponigass. Inspeksjonen vart gjennomført for å kontrollere om gjeldande krav fastsett i eller i medhald av forureiningslova med forskrifter blir haldne.

Følgjande hovudtema vart kontrollert:

- Oppsamling og handtering av deponigass
- Oppsamling og handtering av sigevatn
- Overvaking
- Mottakskontroll
- Internkontroll med vekt på risikovurderingar

3. Oppfølging etter kontrollen

Verksemda pliktar snarast å rette opp avvika som er omtalt i denne rapporten. For at Fylkesmannen skal kunne avslutte saka, må de innan **1. mars 2015** sende ei skriftlig tilbakemelding med dokumentasjon som viser korleis avvik er retta, gjerne med bildedokumentasjon.

Varsel om tvangsmulkt
Dersom vi ikkje får tilbakemelding med dokumentasjon på at avvika er retta innan fristen, vil Fylkesmannen vurdere å fatte vedtak om tvangsmulkt, jf. forureiningslova § 73.

4. Kontrollgebyr

Fylkesmannen varsla i e-post 27. august 2014 at NGIR skal betale gebyr for kontrollen, jf. forureiningsforskrifta § 39-6. Verksemda er i løyvet plassert i risikoklasse 2. Dette betyr at de skal betale 15 600 kroner for den gjennomførte inspeksjonen. Faktura blir ettersendt frå Miljødirektoratet.

5. Offentleggjering

Denne rapporten vil vere tilgjengeleg for ålmenta via Fylkesmannen i Hordaland sin postjournal på www.fylkesmannen.no/hordaland, jf. offentleglova.

6. Dokumentunderlag

- forureiningslova
- avfallsforskrifta
- forureiningsforskrifta
- internkontrollforskrifta
- løyvet av 29. juni 2009

Informasjon om regelverket finn de på www.miljodirektoratet.no og www.regelhjelp.no.

Definisjonar

- **Avvik**: brot på krav fastsett i eller i medhald av helse-, miljø- og sikkerheitslovgjevnaden (til dømes brot på krav i forureiningslova, produktkontrollova og forskrifter heimla i desse lovene eller krav og vilkår fastsett i løyve eller dispensasjonar).
- **Merknad**: eit forhold som miljøvernstyresmaktene meiner det er nødvendig å påpeike for å ivareta helse og miljø og som ikkje er omfatta av definisjonen for avvik.

7. Avvik

Vi fann følgjande avvik under inspeksjonen:

Avvik 1: Handtering av deponigass har manglar

Avvik frå:
Løyvet punkt 5 om deponigass
Løyvet punkt 8.1 om internkontroll
Internkontrollforskrifta § 5 andre ledd nr. 6 og 7

Kommentar til regelverket:
Deponigass
Deponigass skal samlast opp for energiutnytting, alternativt fakling, frå alle deponiceller med signifikant gassproduksjon, både i drifts- og etterdriftsperioden.

Risikovurdering
Verksemda plikter til ei kvar tid å ha oversikt over alle aktivitetar som kan føre til forureining og kunne greie ut om risikotilhøva. (Løyvet punkt 8.1 og internkontrollforskrifta § 5 andre ledd nr. 6)

Rutinar

- Verksemda skal ha regelmessig kontroll med diffuse utslepp av deponigass og gassuttaksanlegget sin effektivitet. (Løyvet punkt 5)

- Det skal vere etablert prosedyrar og rutinar for drift, vedlikehald, kontroll og overvaking av deponiet i driftsfasen. (Løyvet punkt 8.1 og internkontrollforskrifta § 5 andre ledd nr. 7)

Avviket er basert på følgjande observasjonar:
Drift av gassanlegget
Det vart under tilsynet opplyst at deponigassanlegget ikkje har vore i drift det siste året. Verksemda har gjentekne gongar prøvd å halde anlegget i drift utan å lukkast. Det vart opplyst at det var behov for ny motor og at den var venta å kome om kort tid.

Risikovurdering
Verksemda har ikkje risikovurdert deponigassanlegget med omsyn til ytre miljø og har ikkje utarbeidd tilhøyrande handlingsplanar. Dette var også eit avvik under tilsyn i 2010, jf. rapport etter tilsyn 17. august 2010.

Rutinar
Verksemda har rutine for drift av deponigassanlegget. I rutinen under punkt 2.2 Service går det fram at det skal gjerast emisjonsmålingar for å finne diffuse utslepp av gass på deponioverflata, men det står ikkje noko om kor ofte målingane skal utførast.

I miljøovervakingsprogrammet står det omtalt rutinar for å redusere diffuse utslepp. Det står mellom anna at det skal førast jamleg synfaring med omsyn på lukt på deponiområdet for å vurdere eventuelle endringar i diffuse gassutslepp. Under tilsynet var desse rutinane ikkje kjent, ikkje følgt og ikkje omtalt i rutinen for drift av deponigassanlegget.

Avvik 2: Overvaking og risikovurdering for sigevassanlegg har manglar

Avvik frå:
Løyvet punkt 8.4 om overvaking av sigevatn, overflatevatn og grunnvatn
Løyvet punkt 8.3 om oversikt over vassbalanse
Løyvet punkt 8.1 om internkontroll
Internkontrollforskrifta § 5 andre ledd nr. 6

Kommentar til regelverket:
Overvaking
Verksemda skal ha eit overvakingsprogram for sigevatn, overflatevatn og grunnvatn i tråd med krava i avfallsforskrifta sitt vedlegg III og SFT sin rettleiar TA 2077, rettleiar om overvaking av sigevatn frå avfallsdeponi. Overvakingsprogrammet skal klarlegge avgrensinga av deponiet sitt påverknadsområde. Programmet og eventuelle justeringar skal vere godkjent av Fylkesmannen. (Løyvet punkt 8.4)

Vedlegg III til avfallsforskrifta tar for seg kontroll- og overvakingsprosedyrer for deponi både i drifts- og etterdriftsfasen, og her går det fram at det også skal takast blandprøver for parameter som eignar seg for slike prøver. I rettleiaren for overvaking av sigevatn (TA-2077/2005), punkt 3.2.2, er det gjort greie for kva for parameter som ikkje er eigna for blandprøver.

Oversikt over vassbalanse
I følgje punkt 8.3 i løyvet skal det lagast eit årleg oversyn over utviklinga ved deponiet. Det skal også, basert på resultat frå annan overvaking, lagast eit «rekneskap» for vassbalansen ved deponiet.

Ein slik vassbalanse skal gje eit teoretisk billede av diffus avrenning (lekkasje av sigevatn) frå deponiet, der ein tar inn faktorar som avdamping, nedbør/temperatur, endringar på deponioverflata (vegetasjon, tette flater, nye deponiområde), eventuell returpumping, utslepp av sigevatn etter rensing, m.v. Sjå kapittel 5.1 og vedlegg 3 til Rettleiar for overvaking av sigevatn (TA-2077/2005).

Teoretisk vassbalanse kan så samanliknast med overvakingsresultata for same året for å vurdera behov for nærare undersøkingar eller andre tiltak. Slike vurderingar bør inngå som ein del av den årlege eigenrapporteringa.

Risikovurdering
Verksemda plikter til ei kvar tid å ha oversikt over alle aktivitetar som kan føre til forureining og kunne greie ut om risikotilhøva. (Løyvet punkt 8.1 og internkontrollforskrifta § 5 andre ledd nr. 6)

Avviket er basert på følgjande observasjonar:
Overvaking
Prøvetaking er ikkje gjennomført og rapportert i tråd med overvakingsprogrammet, og overvakingsprogrammet er ikkje oppdatert.

Etter at bekken vart ført vekk frå deponiet er det ikkje vassføring i bekken nedanfor deponiet, og derfor ikkje mogleg å ta prøver nedstrøms. Verksemda har i staden tatt prøve av overvatn ovanfor sigevassdam. Dette overvatnet blir ført til sigevassleidningen. Verdiane er rapportert som nedstraumsverdiar, noko som er feil. Sidan det ikkje er mogleg å ta prøver nedstraums må overvakingsprogrammet endrast.

I overvakingsprogrammet står det at det skal takast prøver av overflatevatn og grunnvatn oppstraums og nedstraums deponiet, men det går ikkje klart fram i overvakingsprogrammet kor prøvane skal takast.

Det vart opplyst at det ikkje blir teke prøver av tidlegare oppstraums brønn lenger og at brønn mot sidevassdrag no blir brukt som oppstraums referansebrønn. Denne vart opphaveleg etablert som ein kontrollbrønn for å sjekke at det ikkje var lekkasje til sidevassdraget. Brønnar under deponiet er ikkje lenger tilgjengeleg. Det bør vurderast om dei to grunnvassbrønnane er tilstrekkeleg for å klarleggje påverknadsområde til deponiet. Verksemda bør vurdere å få utført ei ny vurdering av om plassering og tal på grunnvassbrønnar er tilstrekkeleg.

Oversikt over vassbalanse
Verksemda har ikkje laga eit vassbalanserekneskap for siste kalenderår.

Det er opplyst i miljøovervakingsprogrammet at det skal utarbeidast utrekning av vassbalanse ut i frå kontinuerleg mengdemåling av sigevatn frå deponiet.

Risikovurdering
Verksemda har ikkje risikovurdert sigevassanlegget med omsyn til ytre miljø og har ikkje utarbeidd tilhøyrande handlingsplanar. Verksemda må sjølv vurdere kva for hendingar som skal risikovurderast. Følgjande hendingar må vere med i vurderinga (lista er ikkje uttømmande):

- Forureina sige-/overvatn i nedre del av deponiet som renn på overflata i staden for å gå i lukka oppsamlingssystem
- Brot eller tilstopping på oppsamlingssystem eller utsleppsleidning
- Flaum

Avvik 3: Mottakskontrollen har manglar

Avvik frå:
Løyvet punkt 2.1 om registrering og kontroll ved mottak av avfall
Internkontrollforskrifta § 5 andre ledd nr. 2

Kommentar til regelverket:
Kontroll ved mottak av avfall
Det skal gjennomførast kontroll av alt avfall som blir mottatt. Kontrollen skal mellom anna avdekke om innhaldet i avfallet er i strid med løyvet eller interne retningslinjer for kva som kan takast imot. (Løyvet punkt 2.1)

Opplæringsplan
Ein tilfredstillande mottakskontroll føreset kompetanse om kva som er farleg avfall og korleis dette skal handterast. Derfor er krava om kompetanse gitt i avfallsforskrifta kapittel 11 om farleg avfall vedlegg 2 punkt 6.1 gjort gjeldande for mottak av avfall på anlegget. Av avfallsforskrifta går det fram at verksemda skal ha ein skriftleg plan for korleis kompetansen skal aukast. (Løyvet punkt 2.1)

Avviket er basert på følgjande observasjonar:
Kontroll ved mottak av avfall
Under tilsynet låg det restar av isolasjon frå ein campingvogn oppe på deponiet, og ei plate med isolasjon vart teke frå kvarandre og lagt på deponi. Isolasjon frå bygg- og anleggsbransjen kan vere farleg avfall. Verksemda opplyste at dei hadde teke prøvar av isolasjonen og at dei venta på prøveresultatet. At isolasjonen vart lagt på deponiet var ein svikt i rutinane.

Opplæringsplan
Verksemda har ikkje utarbeidd ein skriftleg opplæringsplan og gjev ikkje tilstrekkeleg opplæring av dei tilsette til å kunne vite kva som er farleg avfall og korleis dette skal handterast. Det vart opplyst at det finns ein opplæringsplan for dei tilsette som jobbar i mottaket for farleg avfall, men at dei tilsette som jobbar på deponiet ikkje er omfatta av denne opplæringsplanen

8. Merknader

Vi har gitt følgjande merknader under inspeksjonen:

Merknad 1:
Oppsamlingssystem for sigevatn bør vere eit lukka system

Kommentarar:
Oppsamlingssystemet for sigevatn bør forbetrast. Forureina sigevatn i nedre del av deponiet renn på overflata i staden for å gå i lukka oppsamlingssystem. Sigevatnet vert samla opp ved fangdammen. Forureina sigevatn i opne grøfter kan vere kjelde til lukt og nærmiljøulemper.

9. Andre forhold

Bygging av reinseanlegg for sigevatn
NGIR har sendt Fylkesmannen ein framdriftsplan for realisering av reinseanlegg for sigevatn. Planen skisserer eit (beste) alternativ der reinseanlegget er ferdig første halvår 2016, og eit anna (uønska) alternativ der anlegget er ferdig siste halvår i 2017. I det uønska alternativet er det teke omsyn til uforutsigbare tilhøve som naboprotestar og oreigning av grunn som kan sinke bygging av anlegget. Det er eit krav i løyvet at sigevatnet skal reinasast, og at det om mogleg skulle vore i drift innan 1. juni 2011. På møte sommaren 2014 med Fylkesmannen var det semje om at NGIR skulle lage ein forpliktande framdriftsplan for bygging av reinseanlegg for sigevatnet. Fylkesmannen føreset at verksemda gjer det som er mogleg for å sikre ei raskast mogleg bygging av reinseanlegget. Vi ber NGIR rapportere årleg som del av eigenkontrollrapporten 1. mars om status for realisering av reinseanlegg for sigevatn.

Langtidslagring og bruk av kompostert slam
Fylkesmannen har no avklart at langtidslagring av kompostert slam over 3 år krev løyve frå Fylkesmannen etter deponiforskrifta kapittel 9. NGIR må sende søknad om dette saman med tilbakemelding på tilsynet. Slammet skal brukast til avslutning av deponiet og vi ber derfor at de legg oppdatert avslutningsplan ved søknaden. Dersom det skal nyttast meir slam til endeleg avslutning enn det som går fram av § 27 i forskrift om organisk gjødsel (15 cm ved bruk til toppdekke på avfallsfyllingar) må dette gå fram av avslutningsplanen.

Kverning av trykkimpregnert trevirke og golvbelegg
NGIR opplyste at dei har kverna trykkimpregnert trevirke og golvbelegg på anlegget. Slik aktivitet er rekna som handtering av farleg avfall og krev løyve etter forureiningslova. Miljødirektoratet er myndigheit, men søknad kan sendast til Fylkesmannen, som kan avklare med Miljødirektoratet kven som skal evt. handsame søknaden.